



Landbruks og matdepartementet

Dato: 02.02.2015
Vår ref.: 2014/22282-51
Saksbehandlar: heilars
Dykkar ref.:

Høyringsnotat - Oppheving av konsesjonsloven og buplikta

Vedlagt er protokoll og saksfremlegg frå den politiske handsaminga av høyringsnotatet om oppheving av konsesjonsloven og buplikta.

Heidi Bjønnes Larsen
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/22282-20
 Saksbehandlar: Heidi Bjønnnes Larsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	26/15	29.01.2015

Høyringsnotat - Oppheving av konsesjonsloven og buplikta

Samandrag

Landbruks og matdepartementet foreslår å oppheve lov 28.november 2003 nr.98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) samt å oppheve enkelte reglar i lov 28.juni 1974 nr 58 om odelsretten og åseteretten (odelslova) som omhandlar buplikt. Forslaget inneberer at erverv av fast eigedom ikkje lenger vil krevja løyve (konsesjon) frå det offentlige. Konsesjonsloven og buplikta blir foreslått oppheva utan å bli erstatta av andre reglar. Hordaland fylkeskommune er invitert til å kome med høyringsfråsegn innan 15.01.2015. Fylkesrådmannen si vurdering er at høyringsnotat synleggjer ikkje godt nok kva konsekvensar oppheving av konsesjonslova og buplikta vil få for landbruket i Hordaland.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune meiner at det bør gjennomførast ei konsekvensutgreiing for oppheving av konsesjonslova og buplikta og at ein på bakgrunn av denne gjennomfører ei ny høyring.
2. Hordaland fylkeskommune kan ikkje ut frå den informasjonen som nå føreligg ta stilling til Det kongelige landbruks- og matdepartement sitt forslag om oppheving av konsesjonslova og buplikta.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H, og V fram slikt forslag:

"Alternativt framlegg til vedtak:

Hordaland fylkeskommune støttar Landbruks- og matdepartementet sitt framlegg om å oppheve lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven), samt å oppheve enkelte reglar i lov av 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åseteretten (odelslova) som omhandlar buplikt."

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, Sp og KrF fram slikt forslag:

"Alternativt framlegg til vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune går mot å fjerne konsesjonsregelverk og buplikt slik Landbruks- og matdepartementet foreslår.
2. Veksande folketal og nye matvanar krev auka matproduksjon. Areal eigna for matproduksjon må sjåast på som eit fellesgode. Styresmaktene bør difor ha eit verktøy for å kunne regulere kjøp og sal av landbrukseigedomar, der omsynet til mål om auka matproduksjon er avgjerande.
3. Eigedom retten er viktig, men omsynet til den som skal leve av å produsere mat bør vege tyngre enn omsynet til den som skal selje. Bortfall av konsesjons- og bupliktregelverket kan føre til prispress og at mange landbrukseigedomar blir omgjort til fritidseigedomar. Det kan fortrenge dei som vil bruke jorda til matproduksjon, og true fast busetjing i bygdene.
4. Det er positivt med ein kritisk gjennomgang av konsesjons- og bupliktregelverk, med mål om forenkla, forbetring og meir systematisk handheving. Men endringar må byggje på kunnskap om konsekvensane, og ikkje gå ut over mål om å sikre ressursar til matproduksjon."

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Søviknes sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (SV, A, Sp, KrF) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar Landbruks- og matdepartementet sitt framlegg om å oppheve lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven), samt å oppheve enkelte reglar i lov av 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åseteretten (odelslova) som omhandlar buplikt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.11.2014**Bakgrunn**

Hordland fylkeskomme har motteke Høring- Forslag om å oppheve konsesjonsloven og buplikta frå Det kongelige Landbruks- og matdepartement. Fristen for høringsinnspel er den 15.januar 2015.

Om høringsnotatet

Høringsnotatet har åtte delar. Del 1 er innleiinga. Del 2 er historikk for konsesjonsloven. Del 3 tar føre seg gjeldande rett knytt til konsesjonsloven og buplikt. Del 4 gjeld statestikk, forskning og undersøkingar knytt til konsesjonsplikt, Del 5 fokuserer på kvifor det er behov for å oppheve konsesjonslova, Del 6 er knytt til spørsmål ved ikraftsetjing, Del 7 går gjennom administrative og økonomiske konsekvensar ved oppheving av konsesjonslova. Del 8 går gjennom lovforslaget, oppheving av konsesjonslova lov 28.november nr 98 og endring i odelsoven 28.juni 1974 nr 58(§ 28, §39, §51).

Del 1 Innleiing. Konsesjonsplikta og buplikta blir foreslått oppheva utan å bli erstatta av andre regler. Oppheving av konsesjonslova inneberer at regelen om buplikt i odelsoven og blir foreslått oppheva, fordi reglene må sjåast i samanheng. Regjeringa har i Sundvollen-plattformen lagt opp til vesentlege endringar når det gjeld regelen om fast eigedom. Dei ynskjer at den enkelte bonde skal ha større råderett over eigen eigedom. En annan ynskja effekt av fjerning av konsesjonslova og buplikta er å forenkla og redusere landbruksbyråkratiet.

Del 2 Historie. Gjeldande konsesjonslov ble vedteke 28.november 2003 og trådte i kraft 1.januar 2004. Gjeldande konsesjonslov vidarefører i stor grad innhaldet frå konsesjonsloven av 1974. Målet med 1974 loven var å oppnå eiger – og bruksforhold som var mest gagnlige for samfunnet. Loven ble sist endra i 2009 (jf.Ot.prp.nr.44(2008-2009). Målet for endringa var å forenkla og tydeliggjere reglene om bo- og drive plikt. Lovbestemt buplikt ble då avgrensa til å gjelde eigedom med bygningsmasse som fyller krava til odlingsjord, og der kor eigedomen er blitt brukt til heilårs bustad. Frå 2004 ble alle avgjerdsel knytt til konsesjon og buplikt lagt til kommunen som første instans.

Del 3 Gjeldande rett. Konsesjonslovas regler om konsesjonsplikt er grunngeve med det offentlige sitt behov for å ha kontroll med eigedomsoverdraging som kan ha betydning for nasjonale interesser. Inngrep i den private eigedomsretten avgrensar eigers tilgang til fri utnytting av sin eigedom og har gjennom tidene vore omdiskutert. Konsesjonslova har derfor ei ideologisk side. Konsesjonslova legg opp til at en rekke omsyn skal sytas for. Dette gjeld mellom anna omsynet til framtidige generasjoners behov, landbruksnæringa, behov for utbyggingsgrunn, miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser, samt omsyn til busetting. Konsesjonslova gjeld etter §2 erverv av fast eigedom og er ingen spesifikk landbrukslov, men lova har hatt størst betydning ved erverv av landbrukseigedommar. Omgrepet 'erverv' omfattar alle former for eigedomsovergang, medrekna kjøpar, arv, skifte, gåve, makeskifte, tvangssal, ekspropriasjon m.m. Konsesjonslova er grunngeve ut frå at enkelte erverv kan være i strid med samfunnets behov for utnytting av eigedommen. Konsesjonsplikta inneberer at eit erverv krevjar godkjenning frå konsesjonsmyndighetene. Om konsesjon ikkje gis må erververen enten gjere om overtakinga eller overdra eigedommen til nokon som kan få konsesjon. Lova har mange unntak og i all hovudsak gjeld konsesjonsplikta avhending av landbrukseigedom over ein viss størrelse. Unntak kan være knytt til eigedommens karakter eller ervervar si stilling.

Buplikt ble innført i 1974 for å hindre slektingar med rett til odel, men utan tilknytning til landbruket, i å fortrenge eigarar av landbrukseigedomar på ein uheldig måte. Då reglane blei endra i 2001 ble omsynet til busetting trekt sterkare fram og ein ynskja å leggja til rette for at bygningsressursane

på landbrukseigedommar kunne brukas til rene busettingsformål. Etter konsesjonslova av 2003 er det konsesjonsplikt for bebygd eigedom over 100 dekar eller kor meir enn 20 dekar av arealet er fulldyrka. Buplikta kan delas inn i tre kategoriar, lovbestemt buplikt, buplikt som vilkår for å få konsesjon og buplikt i kommunar med nedsett konsesjonsgrense.

Konsesjonsplikt ved erverv av fast eigedom gjer det naudsynt å ta stilling til kva slags erverv som utløyser konsesjonsplikt og som må handsamas. For dei erverv som ikkje utløyser konsesjonsplikt skal erverer fylle ut skjema for eigenfråsegn. Opplysningane på skjemaet skal stadfestast av kommunen og skal følgje skjøtet ved innsending til tinglysning. Tinglysinga foretas av kartverket. Dersom søknaden om konsesjon ikkje tildelas skal kommunen sette ein frist for at ervervar skal sørge for omgjering av overdragelsen eller overdraging til nokon som kan få konsesjon eller ikkje treng konsesjon. Kommunen kan sette tvangsmulkt som samlar seg opp fram til konsesjonsvilkåret etterlevast. Kontroll og oppfølging av buplikta gjerast av kommunen og Fylkesmannen.

Del 4 Statistikk, forskning og undersøkingar. Landbruksregisteret inneheld opplysningar om landbrukseigedommar. I 2012 var det registert 186 700 landbrukseigedommar totalt i Norge, av desse var 171 400 bebygd. Om lag 76% (130 300) av dei bebygde landbrukseigedommane er over dagens arealgrense for konsesjonsplikt, mens 24% (ca. 41 100) er under denne grensa. Omtrent 30 800 av landbrukseigedommar med bustadhus var utan fast busetting. Tal på landbrukseigedommar og arealstørrelse varier frå fylke til fylke. Nordland, Hedmark, Oppland, Møre og Romsdal og Hordaland har flest bebygde landbrukseigedommar over arealgrensen for konsesjonsfridom. Hordaland har i underkant av 10 000 landbrukseigedommar over arealgrensa for konsesjonsplikt og omtrent 3000 under arealgrensa for konsesjonsplikt. Materialet frå Statistisk sentralbyrå visar at ca. 9000 landbrukseigedommar skifta eigar nasjonalt i 2012, omtrent 59% av desse avhendingane skjedde i nære relasjonar utan konsesjonsplikt. Norske landbrukseigedommar har en omfattande bygningsmasse. I alt er det registert bortimot 1 million bygningar på landbrukseigedommane av disse var i overkant 200 000 bustadhus. I 2012 var 80% av landbrukseigedommane med bustadhus bebodd, litt over 8% av befolkninga budde på ein landbrukseigedom. Regissert byggeaktivitet dei siste 30 åra viser at aktiviteten er størst på dei landbrukseigedommane der eigar bur på eigedomen.

KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering) viser at kommunane i 2012 behandla 2483 søknader om konsesjon, 1177 av desse ble innvilga utan vilkår, 1243 ble innvilga med vilkår og 63 ble avslått.

Lovgivinga innafor landbruket utgjer i stor grad eit samla regelverk. Ein fellesnemnar for forskning som er gjort er at det er vanskelig å isolere ein bestemt regel eller lov og konkludere sikkert om alle verkingane av den.

Del 5 Behovet for å oppheve konsesjonslova. Regjeringa har i sin politiske plattform understreka at eigedomsretten er ein grunnleggande rett som bør styrkas. Som eit ledd i dette arbeidet vil regjeringa styrke bondens rett til å disponere eigen eigedom i tråd med eigne val og prioriteringar. Etter konsesjonslova sine reglar står ikkje eigar fritt til å overdra eigedommen til den han eller hun vil eller til den pris som kan oppnåast i ein fri marknad. Eigaren kan heller ikkje velje sin eigen bustad før bupliktperioden er over. Reglane i konsesjonslova gjeld ved omsetning av landbrukseigedom og påverkar omsetninga. Gjennomsnittsalderen for eigarar av landbrukseigedom er høg og statestikk visar at få landbrukseigedommar omsettas i fritt sal. For å få eit større utbod av landbrukseigedommar og tilleggsjord i marknaden utanom nær familie og odelsrettkomne må det leggas til rette for ein velfungerande marknad for omsetting av landbrukseigedom. Departementet legg til grunn at reglane om konsesjonsplikt kan avgrense seljer si vilje til å legge eigedommen ut for sal. Buplikta kan i tillegg føre til at nokre kjøperar vegrar seg for å kjøpe landbrukseigedom. Buplikt kan og føre til at en del eigarar venter med å

selje, fordi de ikkje trur de kan få den prisen de syntes eigedommen er verd. Det kan leggest til grunn at buplikt har prisdempande effekt i områder der det er lite attraktivt å bo. Den prisdempande effekten kan føre til at investeringar i landbruket i liten grad avspeglas i prisen ved seinare sal av eigedommen. Buplikt kan dermed dempe investeringslyst hos eksisterande eigarar. Dette gjeld ikkje i områder der det er attraktivt å bo. Handhevinga av reglene binder opp ressursar både for private og offentlige aktørar. Ressusbruken er i hovudsak knytt til dagens system med eigenfråsegn og kommunens og fylkesmennes handsaming av konsesjonssaker. I Prop.124L (2013-2014) er det foreslått å oppheve konsesjonsloven § 9 første ledd nr. 1, priskontrollen. Departementet legger til grunn at forslaget om oppheving av priskontrollen ikkje gir eigarar av landbrukseigendom tilstrekkelig handlingsrom for å møte de utfordringane som næringen står ovanfor.

Konsesjonsplikt inneberer at den som overtar en eigedom må innhenta løyve frå det offentlege for å være eiger. Kontrollen skal ivareta eit effektivt vern om landbrukets produksjonsareal og sikre eiger og bruksforhold som er mest gagnlig for samfunnet. Kontroll med omsetninga må etter departementets syn sjåast i lys av kva for verdiar og interesser som det ut frå samfunnsutviklinga er behov for å ivareta. Reglane i plan- og bygningsloven og i jordlova gjeld og bruk og vern a fast eigedom. Etter departementets vurdering tar disse lovene hand om de aktuelle samfunnsomsyn på en god måte. Unntaka frå konsesjonsplikta er så mange at det i seg sjølv er eti argument for å oppheve lova. Resursbruken og ulempa med reglane må stå i forhold til det som oppnåast ved å oppretthalde dei. I praksis er det få avslag på konsesjon, det tyder kommunane ikkje meiner det er naudsynt å gripe inn i dei frivillige avtalane med bruk av verkemidlane frå konsesjonslova. Å ei anna side kan ein ikkje sjå vekk frå at konsesjonslova har ein verknad fordi konsesjonslova finnes. Reglane legg dermed premisser som en del aktørar innrettar seg etter ved overdraging av konsesjonspliktige eigedommar.

Regjeringa har i sin politiske plattform presisert at den vil ta vare på god matjord. Vern om landbrukets produksjonsareal sikras i dag i all hovudsak gjennom reglane i plan- og bygningslova og føresegn om omdisponering og deling i jordlova. Reglane om driveplikt i jordloven bidreg og til å oppretthalde produksjonsareal. Den historiske utviklinga viser at reglane i gjeldane plan- og bygningslov og i jordlova er styrka som reiskap for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsareal. Konsesjonslova kan og ha hatt ei viss indirekte betyding. Med den avgrensa verknaden konsesjonslova kan ha for jordvernet, meiner departementet at omsyn til vern om landbrukets produksjonsareal ikkje er tilstrekkelig grunn til å oppretthalde loven. Departementet meiner dessutan at andre verkemidlar på en betre måte vil kunne styrke jordvernet. Kommunane er planmyndighet, og har også heimel i plan- og bygningsloven §11-9 nr.4 til mellom anna å fastsette føresegnar om rekkefølge slik at områder som er løyva omdisponert til anna enn landbruk byggas ut før kommunen legger ut nye landbruksområder til utbygging. Departementet meiner vidare at arbeidet for å verne om produksjonsareala er viktige, og skal derfor utarbeide ein nasjonal jordvernstrategi.

Formålet med regelen om buplikt er å bidra til å oppretthalde og styre busettinga, i varetta omsynet til en heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapsomsyn. Departementet legg til grunn at ei rekke andre forhold enn buplikta og praktiseringa av den verkar inn på kor den enkelte veljar å busette seg. Slike forhold kan mellom anna være om det er lett å skaffe seg arbeid eller sterke kulturelle og kjenslemessige band til landbrukseigedommen. Det er vanskelig å isolere verkinga av buplikta og ein kan dermed ikkje utan vidare legge til grunn at reglene tek vare på omsynet til busetting, heilskapleg ressursforvaltning eller kulturlandskapet. Reglane i jordlova om oppfylling av driveplikta ved bortleie gjør det mulig for ny eiger å overta utan å drive garden sjølv. Dersom de kjenslemessige banda til landbrukseigedommen fortsatt er sterke er det lite truleg at eventuell oppheving av reglene om buplikt på slike eigedommar vil få umiddelbare følgjer.

Fornmålet med regler om buplikt utanom landbruksområder er å hindre at hus om har vore brukt til heilårsbustad blir nytta til fritidshus. Ei utvikling der heilårsbustadar blir brukt til fritidshus kan skje der heilårsbustadar, for eksempel på grunn av plassering, er meir attraktiv som fritidseigedom enn som bustadeigedom. En slik utvikling kan få konsekvensar for busetjingsmønster, lokalmiljøet og bustadprisene og kanskje for kommunens skatteinntekter. Buplikta gjeld i disse tilfella for hele eigartida og verker på den måten sterkt innskrenkande på eigers rådighet over eigedommen. Reglene har dermed en prisdempande effekt ved omsetning av fast eigedom. Vidare krevjar reglene kontrollrutinar som følgjes opp, for enkelte kommunar i attraktive områder har handhevinga av reglene vist seg å være ressurskrevjande. Ut frå ei samla vurdering meiner departementet at og reglene om nedsett konsesjonsgrense bør opphevas.

Departementet forslår at konsesjonslova opphevas fullt ut. Departementet kan ikkje sjå at nokon av dei omsyn som lova skal ivareta er tilstrekkelig tungtvegande til å oppretthalde den kontrollen med omsetning som konsesjonsloven inneberer. Departementets forslag om å oppheve konsesjonslova inneberer mellom anna at regelen om buplikt ved erverv av landbrukseigedommar opphevas. Departementet meiner at ut frå omsyn til eit heilskapleg regelverk at og buplikt for dei med odels- og åsetesberettigede må opphevas. Det same gjeld andre reglar om buplikt i odelslova. Forslaget inneber forenkling, deregulering og det vil styre den private eigedomsretten.

Del 6 Spørsmål knytt til ikraftsetjing. Ein konsesjonslov som ikkje er endeleg avgjort når opphevinga av konsesjonslova trer i kraft, fell bort. Vilkår som ikkje direkte tilgodeser ein tredjepart vil falle bort når konsesjonslova opphevast. Typisk vil dette gjelde vilkår om buplikt. Vilkår knytt til konsesjon som gjer fordel til bestemte personer, må fortsatt gjelde. Dette vil typisk dreie seg om sal av tilleggsjord til namngitt personer.

Del 7 Administrative og økonomiske konsekvensar. Konsesjonsloven blir foreslått oppheva utan å bli erstatta av andre regler. Forslaget inneberer derfor ingen nye oppgåver for det offentlige. Departementet legger til grunn at forslaget vil frigi ressursar i offentlig forvaltning og da særlig i kommunane og hos fylkesmennene.

Del 8 Lovforslag.

1. Konsesjonsloven, lov 28. november 2003 nr. 98 oppheves.

2. Det gjøres følgende endringer i odelsloven, lov 28. juni 1974 nr. 58:

§ 27. Utsetjing av sak om odelsløyasing eller offentlig skifte ved søknad om konsesjon eller fritak frå driveplikt endres slik:

Når det i samband med odelsløyasing eller offentlig skifte blir søkt om fritak frå driveplikt, skal retten utsetje den endelege avgjerda i saka til fritaksspørsmålet er avgjort.

§ 28. Odelsløyasing og tilbakesøking ved brot på bu- og driveplikt første og annet ledd endres slik:

Dersom ein odelrettshavar ikkje oppfyller driveplikta etter jordlova § 8, kan andre odelsrettshavarar innan fem år etter at overtakinga fann stad, søkje eigedomen løyst på odel utan hinder av om eigaren måtte ha betre odelsrett.

Har eigaren fått eigedomen ved odelsløyasing, kan også saksøkte i løysingssaka søkje eigedomen tilbake når driveplikta ikkje blir oppfyllt. Det same gjeld om eigaren, før tidsfristen etter første stykket er ute, avhender eigedomen til nokon som ikkje har odelsrett. Som avhending blir også rekna forpakting eller annan liknande total bruksrett. Krav om tilbakesøking etter dette stykket står tilbake for odelsrettshavarane sin løysingsrett etter første stykket.

§ 39. Bu- og driveplikt for attlevande endres slik:

For at attlevande skal ha vern som nemnt i §§ 34 til 36, må han seinast frå eitt år etter at han blei eigar, drive eigedomen i samsvar med jordlova § 8. Den styresmakta som kan gi fritak frå driveplikt etter jordlova § 8 a, kan gi dispensasjon frå driveplikta.

Bruksretten fell bort om eigedomen ikkje blir driven på forsvarleg måte.

§ 51.Kva åsetesrett er tredje ledd endres slik:

Reglane om *driveplikt i jordlova* § 8 første stykket gjeld tilsvarande når ein åsetesarving tek over jord. 1. Konesjonsloven, lov 28.november 2003 nr. 98 opphevas.

Fylkesrådmannen si vurdering

Konesjonslova har hatt til formål å regulere og kontrollere omsetninga av fast eigedom for å verne om landbrukets produksjonsareal og sikre eiger- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet. Odelslovgiving har eksistert samanhengande i Norge i meir enn tusen år, men ikkje utan debatt og endringar. Eit argument for å ha odelslovgivinga har vore at den sikrar brukarane av jord en fri og sjølvstendig stilling som sjølveigarar og hindrar at rene kapitalinteresser tar over jordbrukseigendomar (Forbod 2006).

Som ein del av grunnlaget for vurderinga i denne saka har fylkesrådmannen vore i kontakt med kommunar i Hordaland (Bergen, Meland, Modalen, Kvinnherad, Ullensvang og Ulvik) og ulike forskningsinstitusjonar (Norsk Fruktrådgeving Hardanger, Bygdeforskning, Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling). Vi har og vore i dialog med Fylkesmannen i Hordaland, men dei har i skrivande stund ikkje konkludert i saka.

Oppheving av konesjonslova og buplikta har positive og negative sider. Oppheving av konesjonslova vil vere ein fordel for bønder som har behov for et høgare pantegrnlag. Det vil og gje bøndene rom for å ta ut igjen dei verdiane dei har investert i eigedommen. I en arvesak vil fleire enn den som har odell få del i verdiane i garden. Om endringane i lovverket førar til busetting på fleire bruk er det positivt. Dei bruka som det ikkje bur folk på er ofte ein bremsekloss i prosjekt der det er fleire bruk som skal samarbeide. I dag kjøper folk gardsbruk i utkantkommunar fordi dei vil drive garden og då til den prisen han er verd. I utkantstrøk er det sannsynleg at prisen vil regulere seg sjølv så lenge ein beheld driveplikta.

I Hordaland kan ein utilsikta konsekvens ved å avskaffe konesjonsloven bli oppkjøp av verdifulle eigendomar i bynære strok og attraktive eigendomar for jakt, fiske og friluftsliv i utkantane. Ein veit for lite om korleis eigeskapsstrukturen i landbruket på lengre sikt vil bli ved fri omsetning. I lovgivinga i dag er det produksjonsøkonomien som settas framfor eigedomsøkonomien. Nå prisas eigedommen etter kva aktiv drift kan forrente. I Hordaland kan det bli ei utfordring i møte mellom kapital sterk by befolkning versus ei næring med tidvis svak inntening. I områder som er meir attraktive for fritidsbustader enn heilårsbustader gjer buplikt rom, prismessig, for dei som har bulyst.

Dei siste åra er det gjort ein del endringar i lovar og reglar knytt til landbruksnæringa, arealgrensa for konesjonsplikt har økt, buplikta blir praktisert meir fleksibelt, delingsforbodet er lempa på og odelslova er stramma inn. Den 14. juni 2013 vedtok Stortinget endringar i jordlova § 12 og endringar i odelslova. Endringa i jordlova § 12 gjaldt delingsføresegn skulle gjere det enklare å dele frå areal som tilleggsjord. Endringane i odelslova innskrenkar odelskretsen og opphevar reglane om odelsfrigjøring ved kjøp av odelseigedom som tilleggsjord (LMD 2014). Endringar i jordlova §12 er ikkje nemnt i høyringsnotatet.

Det arbeidast med fleire endringar i lovverket knytt til landbruket. LMD har tidligare i år foreslått at delar av konesjonslova som omhandlar priskontrollen skulle opphevas. Etter to rundar i Kontroll- og konstitusjonskomiteen ble handsaminga av saka i Næringskomiteen den 22.oktober 2014, utsatt til våren. I tillegg er ny forskrift om produksjonstilskot sendt ut på høring til fylkesmennene

og faglaga. Det har nyleg vore høring¹ av forskrifta om produksjonstilskot kor LMD ynskja å fjerne avgrensinga i eigarskap og vilkår om tilknytning til eigedommen. Driveplikta er ikkje foreslått endra i denne omgang, men LMD har nedsett ei arbeidsgruppe som skal vurdere problemstillingar knytt til leiejord og driveplikt².

Oppheving av konsesjonslova og buplikta har ei ideologisk side som fylkesrådmannen ikkje kan ta stilling til, men høyringsnotat gjer inntrykk av at saken ikkje er tilstrekkelig utgreia.

I høyringsnotatet opnar LMD for at konsesjonslova kan ha ei effekt og at buplikt kan spele i inn på busettingsmønster, lokalmiljø, prisar på bustader og kommunen sine skatteinntekter utan å gå vidare inn på kva som vil skje om buplikta forsvinn.

Ynskje å om å oppheve konsesjonslova grunngjes delvis i at det er få søknader om konsesjon som får avslag i kommunane. Det var 63 avslag i 2012 av totalt 2483 søknader. Her må det og takast med i vurderinga at det ble satt vilkår for konsesjon i 51% av dei sakene som har fått tilsegn. Det tydar at konsesjonslova er eit verkemiddel som brukast av kommunane. Høyringsnotat tek og høgde for at konsesjonslova gjennom sin eksistens påverkar gjelande praksis. Høyringsnotat viser til at plan- og bygningslova og jordlova er styrka for å oppnå effektiv vern om landbrukets produksjonsareal og opnar for at konsesjonslova og kan ha hatt noko å seie her. Her bør det utgreiast kva rolle konsesjonslova har.

Høyringsnotatet seier at dersom dei kjenslemessige banda til landbrukseigedommen fortsatt er sterke er det lite truleg at eventuell oppheving av reglene om buplikt på slike eigedommar vil få umiddelbare følger. Lovendingane er irreversibel og vil få konsekvensar for næringa og kommande generasjoner av bønder. Derfor er naudsynd å ha djup innsikt in korleis konsesjonslova verker per i dag og konsekvensane av å oppeheve lova. Departementet peikar på at det er vanskelig å isolere verkinga av buplikta og konsesjonslova. Det gjort lite forskning på den overordna betydinga av konsesjonslovgivinga i landbruket.

Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017, vedteke av fylkestinget 11.06.2014 har som målsetning å styrkje rekrutteringa til gardane i fylket, samt auke produksjon og lønsemd. Fylkesrådmannen meiner at høyringsnotat frå LMD ikkje sannsynleggjer at oppheving av konsesjonslova og buplikta vil bidra til at desse måla blir nådd.

I høyringsnotatet står det at LMD ynskjer å utarbeide ein nasjonal jordvern strategi. Utgreiing av verknadene av konsesjonslova og utgreiing om ei eventuell oppheving kan gå inn som ein del av dette arbeidet. Fylkesrådmannen tilrår at det gjennomførast ei konsekvensutgreiing. I denne konsekvensutgreiinga bør alle endringar knytt til lovverket innafor landbruket inkluderas, både det som er gjort og dei som er til vurdering.

Referansar:

Det Kongelige Landbruks- og matdepartement (2013) Omdisponering og deling – Lov om jord (jordlova) 12. mai 1995 nr. 23 §§ 9 og 12 Rundskriv M-1/2013

Det Kongelige Landbruks- og matdepartement (2014) Odelsfrigjøring – §§ 30 og 32 i odelsloven Rundskriv M-1/2014

Forbod (2006) En gjennomgang av odelsloven, konsesjonsloven og jordloven og endringer i nyere tid. Notat nr. 5/06, ISSN 1503-2027. Norsk senter for bygdeforskning

¹ LMD 09.07.2014 Høring av forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket

² Nedsatt 17.10.2014 – ferdigstillelse juli 2015.

SSB Rapport 2014/10: Jordbruk og miljø (<http://www.ssb.no/natur-og-miljo/artikler-og-publikasjoner/attachment/168917?ts=144dfd7b278>)

Landbruksmelding for Hordaland 2014-20